



**Endre Nilsen Neset har fått ja frå biskopen på sin søknad om å få byggja bustad på ein løemur i sentrum (sjå biletet).**

**Men det stoppar ikkje der. Det må eventuelt gjevast dispensasjon for omdisponering til bustad i forretningsområde.**

**Neste steg i saka er at saka er at ho no er sendt sendt på høyring til miljøvernavdelingen hos fylkesmannen og også til fylkeskommunen.**

\* Ei anna byggjesak i Uskedalen som framleis ikkje er avgjort er søknaden frå Thomas Fjelland Eide om å få byggja hytte ved Mannsvatnet. Kommunen går inn for dispensasjon frå LNF-føremål for eigedomen, men fylkesmannen si miljøvernavdeling har påklaga vedtaket.

Kommunen har ikkje teke klagen til følgje, og saka er sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Men den stoppar ikkje der. Fylkesmannen har no sendt saka over til Fornyings- og administrasjonsdepartementet for oppnemning av settefylkesmann, og det blir truleg fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

\* Ei sak om påbygg for mjølkeforedling hos Ole Kristoffer Vågen på Skorpo er også under handsaming. Han har søkt Innovasjon Norge om BU-midlar, men før søknaden kan handsamast må Vågen ettersende detaljerte byggeteikningar. I tillegg ber Innovasjon Norge om om kopi av byggeløyve hjå kommunen og eventuell uttale frå Mattilsynet.

Av Ola Matti Mathisen



Thomas Fjelland Eide - får han hytte ved Mannsvatnet? (Foto: Kvinnheringen)